

PARTIPROGRAM

FOR PERIODEN 2019 - 2023



Foto: Margrethe Aven Størlheim



ALVER ARBEIDARPARTI

«Sterkare fellesskap»



Gode innbyggjar i nye Alver kommune!

Alver Arbeidarparti trur på sterke fellesskapsløysingar fordi vi får meir til saman enn kvar for oss. Det gir større tryggleik og fleire moglegheiter for den enkelte om vi stiller opp for kvarandre. Derfor går vi til val for *sterkare fellesskap*.

Eit godt skule- og barnehage tilbud er viktig for at barn og unge skal få utvikle evnene sine, og for at kommunen skal vere attraktiv for unge menneske. Alle skal få gode helse- og omsorgstenester tilpassa sine behov, når dei treng det.

Nærmiljøet og lokalsamfunnet er rammene for liva våre. Alver Arbeidarparti har mange gode kandidatar som vil utvikle den nye kommunen i riktig retning. God lokalkunnskap til dei ulike kretsane sikrar at alle delar av Alver-samfunnet blir godt ivaretatt. Det er viktig for Alver Arbeidarparti at vi følgjer opp og realiserer intensjonsavtalen for Alver kommune. Derfor ønskjer vi å utvikle nær- og lokalsentra i kommunen, og vi ønskjer god utvikling i bygdene våre. Og derfor seier vi nei til eigedomsskatt på hus og hytter i heile kommunen frå dag i

Skal vi realisere ambisjonane vi har for den nye kommunen er det viktig at vi spelar på lag med næringslivet. Vi ønskjer at kommunen skal vere ein aktiv utviklingsaktør som samarbeider godt med næringslivet. Alver kommune blir den største arbeidsgivaren i den nye kommunen. Vi vil kjempe for å etablere ein *heiltidskultur*, og at heile og faste stillingar blir normalen.

Vi vil arbeide for eit betre kollektivtilbod i heile kommunen. Realisering av ny E39 Vågsbotn-Klauvaneset snarast råd er det viktigaste samferdsleprosjektet for den nye kommunen. Og vi vil vere den fremste pådrivaren for at heile kommunen får utbygging av fiber/breiband.

Er du einig med Alver Arbeidarparti i dette? Då håper eg du vil gi di stemme til Alver Arbeidarparti i haustens val. Godt val.

Øyvind H Oddekalv
ordførarkandidat for Alver Arbeidarparti

POLITIKARANE VÅRE



Nina Bognøy, 48 år, Alverstraumen

Dette er viktig for meg: Barnehage, skule og vidaregåande skule, samt lærlingpolitikk, Kulturarbeid, både det som skjer i offentleg regi og i det frivillige arbeidet. Samfunnsutviklarrolla ein deltek i som lokal folkevald er noko eg held høgt og har stor respekt for. Det er her ein legg linjer for samfunnsutviklinga vår og legg til rette for sterke fellesskap.

Jostein Borlaug, 58 år, Austmarka

Dette er viktig for meg: At alle skal ha moglegheit til å leva gode liv og til å ta utdanning og skaffa seg ein jobb dei trivst i. Tidleg innsats på skulen og kompetente lærarar. Frivillig arbeid har alltid lagt mitt hjarta nær




Anne Grete Eide, 58 år, Io

Dette er viktig for meg: Gi innbygarane i Alver eit rikt og levande kulturliv, for å skapa trivsel og livskraftige bygder. Legge til rette for idrett og kultur. Det at barn og unge har trygge vegar og eit godt oppvekstmiljø er viktig.

Ståle Juvik Hauge, 53 år, Alverflaten

Dette er viktig for meg: Oppvekst og utdanning som gir like moglegheiter, eit godt, trygt og føreseieleg arbeidsliv som gir tryggleik i livet for alle. Ei berekraftig arealutvikling som tar heile Alver i bruk, og sikrar allemannsretten. Samferdsel må løysast til beste for innbygarane og infrastrukturen i Alver.



Kirsti Gjetle Floen, 56 år, Bøvågen

Dette er viktig for meg: Eit inkluderande samfunn der alle kan delta og at tenestene til innbygarane blir nær der folk bur. Å gi gode tenester til unge, eldre og menneske med nedsett funksjonsevne.

GOD SAMFUNNSUTVIKLING OG GODE LOKALMILJØ I ALVER KOMMUNE

Gode bustad- og oppvekstmiljø er ein føresetnad for trivsel, utvikling og engasjement i og for lokalmiljøa. Alver kommune skal ha gode tenester for innbyggerane og skal tilrettelegga for god dialog med innbyggerane.

Lokalt næringsliv og nærleik til arbeidsplassar er også ein viktig faktor til utvikling og tilhøyre i lokalsamfunna. Saman med eit engasjert kulturliv gjev det gode opplevingar for den einskilde i sine nærmiljø. Samfunnsutviklinga skal ha eit bærekraftsperspektiv med fokus på miljø, klima og folkehelse.

Alver Arbeidarparti ønskjer at kommunesamanslåinga skal verte ein suksess!

Alver kommune skal vere ein heilskapleg samfunnsutviklar som byggjer fellesskap og vekst. Dette oppnår vi med å sørge for at intensjonsavtalen blir realisert. For å møte framtida sine utfordringar i tenestetilbodet til innbyggjarane er det viktig å rekruttera, halda på og utvikla den beste fagkompetansen. Tenestetilbodet skal vera der folk bur, m.a. skal ingen skular leggjast ned som følge av kommunesamanslåinga. Og vi må ha ein differensiert arealpolitikk som sikrar at vi har bustadbygging i heile kommunen. Dette gjeld ikkje berre i

kommunesenteret Knarvik og i lokal- og nærsentra Frekhaug, Vikebø, Lindås, Ostereidet, Manger og Bøvågen, men og i bygdene.

For Alver Arbeidarparti er det svært viktig at alle som ønskjer det, skal kunna delta i aktivitetar på fritida. For mange blir ekskluderte frå kulturtilbod, av ulike årsaker. Vi ønskjer å byggja ned tersklar for deltaking og gje fleire smakebitar på det breie kulturlivet, også i vår kommune. Det må leggjast godt til rette for at eigenorganisert ungdom kan få hjelp og støtte til å driva med aktivitetar på eigne premissar.

Idretts- og kulturopplevingar er ein viktig bidragsytar for betre integrering, sosial utjamning og folkehelse. Idretts- og kulturaktivitetar må vera lett tilgjengelege for alle, særleg barn og ungdom og personar med særlege behov og nedsett funksjonsvne. Høge kontingentar og eigenbetaling må ikkje vera eit hinder for at nokon skal kunna delta i idretts- og kulturaktivitetar.

Alver Arbeidarparti vil:

- Ta heile den nye kommunen i bruk og leggja til rette for vidare vekst og utvikling.
- Vidareutvikle nær- og lokalsentra med utgangspunkt i lokal identitet
- Ha bustadmiljø og offentlige arenaer med gode kvalitetar som legg til rette for gode og trygge opplevingar.
- Leggja til rette for springbrett- og seniorbustader, og satsa særskilt på bustadbygging for dei grupper som har vanskar med å komma inn på bustadmarknaden.
- Arbeida for at Alver kommune kjem under same områdevurdering i strandsonerforvaltning som noverande Radøy kommune



OPPVEKST, INTEGRERING, BARNEHAGE OG SKULE

Alver Arbeidarparti ønskjer at Alver kommune skal vera ein føregangskommune i arbeidet for barn og unge.

FRITIDA TIL BORN OG UNGE

Alver Arbeidarparti vil:

- Ha god samhandling mellom dei kommunale etatane og dei frivillige aktørane for å sikra eit trygt og godt oppvekstmiljø for våre barn og unge.
- Satsa vidare på ungdomsklubbane og vidareføre ordninga med ungdomskoordinatorar.
- Ha fokus på tilbod til eigenorganisert ungdom.
- Motverka barnefattigdom og innføre ordningar som sikrar at alle barn og unge kan delta i aktivitetar på fritida, t.d. utstyrsbibliotek..



INTEGRERING

Alver Arbeidarparti vil:

- At Alver kommune skal vera ein inkluderande og raus kommune med ei aktiv rolle i mangfalds- og integreringsarbeidet.
- At frivilligsentralane skal ha ei aktiv rolle i integreringsarbeidet.
- At kvar flyktning/flyktningfamile får ein eigen flyktningfadder.
- At den einskilde flyktning raskt skal ut i arbeid. Det må fokuserast på gründer- og entreprenørskap.
- Introduksjonsprogrammet må ha fokus på arbeid og norsk på arbeidsplassen.

BARNEHAGE

Alver Arbeidarparti ønskjer gode og trygge barnehagar og alle som ønskjer barnehageplass i kommunen skal få dette. Tidleg innsats er viktig og barnehagane må sikra alle blir sett.

Alver Arbeidarparti vil:

- Oppretthalda full barnehagedekning og arbeida for at alle får tilbod i sitt nærmiljø.
- Arbeida for eit trygt og godt miljø i barnehagane og sikra godt samarbeid med heimen.
- Sikra god overgang mellom barnehage og skule
- At vidare utbygging av barnehagesektoren skal vera kommunal.



SKULE

Alver kommune skal vera ein god skuleeigar som vektlegg ein framtidsretta offentleg skule for alle. Vi ønskjer skular der alle blir sett, der alle får delta og der elevane står i sentrum. Eleven si læring er hovudmålet på alle nivå, og det er viktig å skapa trygge skulemiljø som motverkar mobbing og ivaretar alle elevar. Barna er den viktigaste ressursen vår og dei må ha tilgang til den beste arenaen for fagleg og sosial læring og utvikling. Det er avgjerande å ha nok tilsette i skulen for å kunna tryggja elevane og sikra gode læringsmiljø. Tidleg innsats er avgjerande for at alle elevar skal bli vinnarar i eigne liv etter sine føresetnader.

Alver Arbeidarparti vil:

- Sikra ein føreseieleg skulestruktur
- At det skal byggjast ny ungdomsskule på Frekhaug.
- Sikra at ein har kompetente tilsette som sikrar at elevane får eit fagleg godt tilbod.
- Leggja til rette for godt samarbeid mellom heim og skule.
- Arbeida for auka trivsel og styrka innsatsen mot mobbing, utanforskap og einsemd.
- Auka talet på miljøarbeidarar i skulen.
- At skulane i Alver har gode og moderne skulebygg, stimulerande utemiljø og gode digitale læringsverktøy.
- Sikra gode overgangar til vidaregåande skule som motverkar fråfall.
- Fjerne foreldrebetaling for born i 5.-7. klasse med rett til SFO.

HELSE OG OMSORG

Alver Arbeidarparti ønskjer å vera garantisten for at alle får den hjelpa dei treng, når dei treng den. Alver Arbeidarparti ønsker ikkje kommersialisering av pleie- og omsorgstenestene. Førebygging og tidleg innsats skal vere nøkkelord for helsevesenet i Alver kommune og det må takast omsyn til folkehelse i alle vurderinger kommunen gjer. Kommunen må sikre areal til dei ulike tilboda innan helse- og omsorgstenesta.

Alver Arbeidarparti vil:

- Utvikla ei variert omsorgstrapp med sikte på at folk kan bu heime lengst mogleg, og vere med å utvikla og implementera omsorgsteknologien.
- At du skal om mogleg få den helsehjelpa du treng i nærleiken av ditt bumiljø.
- Sørga for omsorg pluss-bustader (heildøgns omsorgsplassar), sjukeheims plassar og vidareutvikle spesialiserte tilbod innan geriatri, rehabilitering og lindrande.
- Styrka dagtilbodet til eldre og personar med demens.
- Oppretthalda kjøkken på sjukeheimane i kommunen.
- Ha fokus på førebyggjing av rusmisbruk og tidleg innsats i høve til psykiatri. Det er viktig å ha lavterskel helsetilbod innan psykiatri og rus.
- Halda fram med å styrka skulehelsetenesta.
- Vidareutvikla aktiviserbasert avlastning for barn og unge med særlege behov.
- Styrka barselomsorga i kommunen, og betra jordmortenesta.
- Fokusera på kompetanse for å kunna sikra kvalifisert personale og tilfredsstillande bemanning ved alle tenesteområda.
- Arbeida for å etablera helsestasjon for eldre.
- Styrka helsestasjonen for unge inntil 25 år, inklusiv psykologtilbod.



NÆRING

Alver kommune skal vera ein attraktiv kommune å driva næring og å etablera seg i. Eit sterkt og godt næringsliv, inkludert primærnæringane, gjer kommunen til eit berekraftig og godt samfunn. Kommunen skal vera ein føreseieleg og aktiv utviklingsaktør som samarbeider godt med næringslivet. Alver kommune skal, saman med næringslivet, arbeida aktivt for at å skapa eit godt omdømme.

Alver Arbeidarparti vil:

- Sørga for at kommunen er attraktiv for nyetableringar og gründerar, og at etablerte verksemdar har gode vilkår.
- Organisera næringsarbeidet i kommunen slik at det fremjar godt samarbeid mellom kommunen og næringslivet og aukar attraktiviteten.
- Leggja til rette for vidare utvikling av Mongstad-området som ein motor for næringslivet i kommunen.
- Arbeida for at kommunen har tilrettelagde næringsareal tilgjengelege.
- At kommunen utarbeider ein næringsplan i tett samarbeid med næringsaktørane.
- At kommunen skal vera ein støttespelar for landbruket i eit miljø- og berekraftperspektiv.
- At kommunen bidrar i arbeidet med etablering av lokale mat- og reiselivsopplevingar.
- Ha ein grundig og god dialog med aktørar i havbruksnæringa, og sørgje for at næringa kan utvikle seg på ein berekraftig måte i kommunen.
- Vil vere ein pådrivar for grøn omstilling og utvikling av nye grøne arbeidsplassar.
- Arbeida for auka hamneaktivitet i heile kommunen.

SAMFERDSEL OG KOLLEKTIV

Det er viktig at Alver kommune har eit tenleg vegnett og gode kommunikasjonar er viktig for busetjing og næringsliv i kommunen. Vi vil arbeida for sterkare satsing på kollektivtilbodet, og for at mjuke trafikantar er trygge. Det er viktig å vektleggja vedlikehald og opprusting av dei kommunale vegane, samstundes som vi er pådrivar for auka vedlikehald på fylkesvegane



Alver Arbeidarparti vil:

- Arbeida for at ny E39 mellom Vågsbotn og Klauvaneset (Nordhordlandstunnelen) blir realisert så snart som mogleg.
- Knyta kommunen tettare saman, gjennom satsing på Sambandet Vest og ny Alversundbru (Alverstraumen bru).
- Arbeida for at fylkesveg 57 får riksvegstatus.
- Sikra snøggåten mellom Nordhordland og Bergen, og auka talet på avgangar
- Arbeida for eit betre kollektivtilbod i heile kommunen, og arbeide for eit ringbusstilbod i kommunen.
- Arbeida for å byggja ut innfartsparkering på ulike stader i kommunen.
- Vera ein pådrivar for utbygging av fiber/breiband i heile kommunen, og samarbeida med andre offentlege aktørar for å få dette til.
- Sikra betre vilkår for mjuke trafikantar og realisera fleire gang- og sykkelvegar i kommunen.
- Betra vedlikehaldet på kommunale vegar.
- Setja av midlar til eit infrastrukturfond i kommunen.

KLIMA OG MILJØ

Alver kommune er ein kommune som strekker seg frå hav til høgfjell. Kommunen har tett befolka område og område der busetjing og aktivitet er meir spreidd. Det er avgjerande for klima og miljø korleis ein planlegg og legg til rette for utvikling med mål om framleis å ha eit mangfall i busetting og næringsliv i heile Alver kommune. Arbeidet med å redusera negativ påverknad på klima og miljø skal vera gjennomgåande i alt arbeid kommunen gjer. Alver kommune skal leggja til rette for at den einskilde kan ta klimavenlege val.



Alver Arbeidarparti vil:

- Ha ein open og tett dialog med næringslivet, både det etablerte og nyetablerarar, om berekraftige miljøløysingar for næringslivet i møte med dei store samfunnsendingane vi står overfor.
- Stilla miljø-og klimakrav i anbudsprosessar, både til eigne og til leigebygg.
- Bruka innkjøpsordningar i arbeidet med å nå miljø og klimamål.
- Vera ein pådrivar i overvaking og oppfølging i sjøområda våre.
- Etablera trygg sykkelparkering ved offentlige arenaer, trafikkknutepunkt og ved nyetableringar.
- Vera positiv til vidare arbeid med havvind og andre fornybare energiformer.
- Ha ei aktiv rolle i arbeidet med å avgrensa plastforsøpling på sjø og land.
- Arbeida for å utvida talet på ladepunkt for elbilar.
- At Alver kommune skal miljøsertifiserast.
- Krevja at kvikksølvet frå ubåten U-864 vert heva og fjerna

KULTUR, IDRETT OG FRIVILLIG ARBEID

KULTUR

Alver kommune har eit variert kulturtilbod, ikkje minst grunna ein stor innsats i dei frivillige organisasjonane.

Alver Arbeidarparti ønskjer at det mangfaldige kulturlivet skal ha gode vekstvilkår og at alle skal få høve til å utvikla seg og oppleva at kommunen ønskjer å satsa på dei. Dei kommunale kulturskulane har sidan oppstarten hatt ei viktig rolle i kulturarbeidet i kommunane. Eit godt kulturtilbod for alle aldersgrupper er viktig for at Alver kommune skal vera ein god og attraktiv kommune å bu i.



Foto: Margrethe Aven Storheim

Alver Arbeidarparti vil:

- Sikra kulturskulen store nok rammer til å vera i stand til å styrkja tilbodet sitt og utvikla kulturskulen til eit kulturelt ressurscenter i kommunen.
- Støtta opp om det kulturarbeidet som vert drive av frivillige lag og organisasjonar, og auka rammene for tilskot i form av kulturmidlar.
- Arbeida for å realisera eit regionalt kulturhus i Knarvik. Eit slikt hus bør også innehalda eit nøytralt seremonirom.
- Vil også leggja til rette for at lag og organisasjonar innan kulturomgrepet skal ha tilbod om, og tilgang til, tenlege øvingslokale og framføringsstader i heile kommunen.
- Utvikla friluftsområdet på Håøy, i samarbeid med Bergen og Omland Friluftsråd og frivillige lag og organisasjonar.



Foto: Wenche Frantzen

IDRETT

Det er mange som driv ulike aktivitetar i idrettslaga, og det vert kvar dag gjort ein stor frivillig innsats for å skapa eit godt miljø til beste for idretten. Alver kommune skal leggja til rette for at denne innsatsen vert stimulert og kan halda fram. I eit folkehelseperspektiv er idrettslaga ein viktig medspelar for kommunen i ei tid der barn og unge er for lite aktive og brukar mykje tid på digitale media.



Alver Arbeidarparti vil:

- At kommunen, i samarbeid med frivillige lag og organisasjonar, må styrkja leiaropplæringa og kompetansenivået i desse.
- Årleg auka det kommunale tilskotet til drift/vedlikehald av idrettsanlegg, både dei kommunale og dei private. Driftsstøtten til dei private anlegga må vera like stor som det kommunen brukar på dei kommunalt eigde anlegga.
- Støtta arbeidet med planleggjing av nye anlegg i kommunen. Eit regionalt kulturhus i Knarvik, bør også innehalda symjeanlegg.
- Arbeida for at frivillige lag og organisasjonar får fritak i leiga av dei kommunale anlegga.
- Stimulera arbeidet med å leggja til rette for turløyper, skogsløyper og friluftareal, også for personar med nedsett funksjonsevne.
- At kommunen, i samarbeid med idrettsrådet, må prioritera å utdanna treningskontaktar som kan bistå t.d. personar med særlege behov.

ARBEID OG ARBEIDSGJEVARPOLITIKK

Alver kommune skal vere ein god og attraktiv arbeidsplass, der den viktigaste ressursen er dei som jobbar der. Alle som jobbar i kommunen skal ha trygge og gode arbeidstilhøve. Trygge og motiverte tilsette gir dei beste tenestene til innbyggjarane. Vi ønskjer at kommunen skal vere med på ei lærlinggarantiordning i samarbeid med dei andre aktørane i regionen.

Alver Arbeidarparti vil:

- At Alver kommune skal vera ein god arbeidsplass der ein får fagleg utvikling med høve til å ta vidare- og etterutdanning for å sikra best mogleg tenester for innbyggjarane våre.
- Arbeida mot konkurranseutsetjing og privatisering av offentlege tenester og for å ta konkurranseutsette tenester tilbake i kommunal regi.
- Vera ein pådrivar for ein heiltidskultur, og etablere ein strategi, for å ha heiltidsstillingar i arbeidslivet.
- Vidareføra og vidareutvikla ressursbank/vikarpool i eigen regi.
- Sikra og styrka samarbeidet med partane i omstillings-, teneste- og kvalitetsutviklingsarbeid.
- At det skal vera minst to lærlingar per 1000 innbyggjarar i kommunen og etablere program for 3- og 4-årige lærlingløp.
- Vera aktiv i likestillings- og integreringsarbeidet og arbeida mot sosial dumping og arbeidslivskriminalitet.
- At kommunen skal tilby fleire tilrettelagde arbeidsplassar for dei som treng det.
- At faste tilsetjingar skal vere hovudregelen i Alver kommune og ikkje nytte opninga som § 14-9 f i arbeidsmiljølova gjev.
- At kommunen som offentleg innkjøpar bruka anbudsprosessar til å fremja eit trygt og seriøst arbeidsliv. Tillitsvalde skal ha ei rolle i prosessen.
- At kommunen ved kjøp av varer og tenester skal sjå til lokale næringsverksemdar. Verna verksemdar skal om mogleg prioriterast.
- Krevja at verksemdar som leverer tenester til Alver kommune har landsdekkende tariffavtale og følgja opp dette. Det er også ein føresetnad at verksemdene nyttar faste tilsette.
- Krevja at kontraktørar og leverandørar er godkjende og aktive lærebedrifter og nyttar lærlingar på arbeidet.

AUF - UTSTYRSBIBLIOTEK

AUF i Nordhordland vil at Alver kommune skal leggja opp til eit breitt og varierende aktivitetstilbod til alle. Einkvar familie har ikkje nødvendigvis råd til å kjøpa ein kano, ein sykkel, eller anna utstyr til gøye aktivitetar i kvardagen eller i helgane. Derfor vil AUF at Alver kommune skal oppretta eit utstyrsbibliotek der alle og einkvar kan leiga utstyr for aktivitetar heilt gratis. Vi vil at alle skal ha like moglegheiter til å ta ein helgetur på fjellet i eit telt eller ta ein sykkeltur med familien til bestemor.

Utstyrsbiblioteket kan også hjelpa på presset rundt aktivitetar som fotball, handball, korps, pianoøving, symjing, ski, karate osv. der enkelt utstyr er påkrevd. Eit utstyrsbibliotek kan då gi alle i Alver kommune eit tilbod om å leiga ut utstyr som fotballske eller musikkinstrument gratis. Då vil fritidstilbod bli rimeligare og fleire med dårleg råd kan få moglegheit til å bli med.

AUF i Nordhordland vil:

- At alle i Alver kommune skal få tilgang til å leiga fritidsutstyr frå eit utstyrsbibliotek gratis.
- At barnehagar, skular og organisasjonar og skal ha moglegheit til å leiga gratis frå eit utstyrsbibliotek.
- At Alver kommune opnar for at frivilligheita kan samarbeide med kommunen kring eit utstyrsbibliotek.



Foto: AUF

Alver Arbeidarparti



| Kandidatnr. | Namn | Fødselsår | Bustad |
|-------------|--------------------------------|-------------|-----------|
| 1 | Øyvind Helland Oddekalv | 1968 | Frekhaug |
| 2 | Nina Bognøy | 1971 | Alversund |
| 3 | Jostein Borlaug | 1961 | Sæbøvågen |
| 4 | Anne Grete Eide | 1960 | Rossland |
| 5 | Ståle Juvik Hauge | 1965 | Alversund |
| 6 | Kirsti Gjetle Floen | 1962 | Bøvågen |
| 7 | Pål Inge Fosse Hopland | 1986 | Seim |
| 8 | Astrid Namtvedt Sylta | 1955 | Isdalstø |
| 9 | Tormod Skurtveit | 1983 | Rossland |
| 10 | Margrethe Aven Storheim | 1972 | Sæbøvågen |
| 11 | Hogne Brunborg | 1973 | Alversund |
| 12 | Kjersti Vikebø Nesse | 1964 | Frekhaug |
| 13 | Espen Foseid Aakre | 1978 | Alversund |
| 14 | Regina Sandven | 1998 | Manger |
| 15 | Mette Marei Træland | 1960 | Alversund |
| 16 | Øystein Vikebø | 1948 | Rossland |
| 17 | Liv Berit Rath | 1961 | Isdalstø |
| 18 | Ole-Christian K. Valdersnes | 1998 | Alversund |
| 19 | Vivian Grethe Sande | 1958 | Frekhaug |
| 20 | Roar Kjetil Mikkelsen | 1976 | Alversund |
| 21 | Åse Nina Sudmann | 1965 | Frekhaug |
| 22 | Arve Wallem Skjellanger | 1971 | Manger |
| 23 | Astrid Rongevær | 1963 | Isdalstø |
| 24 | Kjetil Willie Jacobsen | 1964 | Seim |
| 25 | Silje Marita Strand Skauge | 1979 | Isdalstø |
| 26 | Rolf Hansen | 1961 | Frekhaug |
| 27 | Torill Helland | 1958 | Manger |
| 28 | Harald Emil Markussen | 1968 | Isdalstø |
| 29 | Grethe Wencke Søiland Sæthre | 1943 | Frekhaug |
| 30 | Jon Halstein Tjore | 1965 | Sæbøvågen |
| 31 | Kristin Fjeld Arvidsson | 1972 | Alversund |
| 32 | Audun Lerøy Engesbak | 1965 | Frekhaug |
| 33 | Christina Løtveit Fosse | 1974 | Alversund |
| 34 | Hege Kristine Mjelde | 1966 | Lindås |
| 35 | Are Nygård | 1964 | Frekhaug |
| 36 | Björg Tveiten Skiftesvik | 1959 | Manger |
| 37 | Ivar Hopland | 1955 | Seim |
| 38 | Oddveig Husebø | 1959 | Rossland |
| 39 | Rune Seim | 1952 | Seim |
| 40 | Mette Bøe | 1973 | Alversund |
| 41 | Jan Blom Jul-Rasmussen | 1961 | Lindås |
| 42 | Jannicke Helland | 1977 | Manger |
| 43 | Morgan Taule | 1964 | Sæbøvågen |
| 44 | Berit Oliva Kvalvik | 1931 | Manger |
| 45 | Arild Haukeland | 1968 | Alversund |
| 46 | Leidulv Brunborg | 1947 | Isdalstø |

